

# Det gode liv i Austrheim ...

• BU • JOBB • FRITID



**Austrheim**  
- opne landskap, ope sinn



# Opne landskap

Då isen sist trekte seg tilbake, vart det lune landskapet Austrheim avdekket. Andre område langs kysten fekk kanskje eit meir dramatisk landskap. Vi fekk den lune skjergarden, solnedgangar over stille, fiskerike farvatn, og etter kvart jordsmonn som kunne dyrkast.

Omlag ein femtepart av Austrheim er fastland. Vardetangen er det vestlegaste punktet på Noregs fastland. Resten er øyer og holmar – talet avheng av om det er flo eller fjære.

Skriv vi historia om Austrheim, er spørsmålet når vi skal starta tidsrekninga. Vi må nok gjere det lenge før isen trekte seg tilbake, før isen skar ut landskapet – mens varme frå jordas indre enno forma stein, og sterke krefter bretta han, som om det gjaldt ei formingsøving på skulen.

Tar du deg ein båttur eller vandrar langs svaberga, er dei geologiske laga tydelege. Det er lag av lys og mørk stein, lag av tid, pressa saman, vridd og varma, nedsenka i havet og seinare slipt av is.

Vi veit ikkje når forfedrane våre kom, dei første innvandrarane, men det er teikn som tyder på at dei slo seg ned ved Fosnstraumen. Med opne sansar og ope sinn kom oppdaginga raskt. Dei lytta til landskapet. Lyden av hjort som rasla gjennom tett skog. Spor i doggvåt jord. Bølgjesvalp, fisk som vaker i ei stille vik.

Dufta av ville urter som kunne pakkast inn i kjøtt eller fisk som godgjorde seg over bålet. Og ei handfull bær innan rekkevidd.

Jegaren vart etter kvart fiskar, som vart fiskarbonden. Med tida vart innmark rydda. Steingardar ligg der enno – men ikkje med for mykje inndeling av det opne landskapet. Lyngheier vart svidde av kvart år for å få saftig beite til dyra.

Fiskekrokar vart bøygde og pynta med agn. Tau vart knytta saman i nett, snart glinsande av sølvrik fangst. Noko av han vart tørka i sola for månader med lite tilgang på mat. Dei vesle båtane våga seg lenger ut på havet – snart vart segl strama for å ta imot vinden...



## INNHALD:

Opne landskap .....	2
Ope sinn.....	4
Heimen og det gode liv .....	6
Der ildsjeler vert omfamna.....	8
Refleksjonar frå ein lærar.....	10
Grip utfordringane.....	12
Næring og vekst .....	14
Vedlikehaldspartnaren .....	16
Gjestmild med tradisjon .....	18
Bygg bustadraum din.....	19
Meir enn eit handlesenter .....	20
Veksthuset på Mongstad.....	22
Vi meistar utfordringane.....	24
Ein landsby for det gode liv.....	26
Grip framtida – i dag!.....	28
An open mind – open landscapes .....	30



## ...ope sinn

Den viktigaste føresetnaden for eit ope sinn er evna vi har til å lytte – til det som omgjev oss, det som tek form i horisonten, og til dei inste lengslene i oss sjølve.

Reiaren og industrimannen, læraren og butikkeigaren vêrar skiftingane i tida, nett som fiskaren og bonden. Slik får handlingane våre større kraft. Fellesskapet står sterkt i Austrheim. Det er synleg i industrien som er skapt, bruene som er bygde, jorda som vart rydda til dyrking for lenge sidan. Og du ser det i tiltaka for å skape det gode liv – for heile familien. Austrheim er ein god kommune å vekse opp i.

Eit ope sinn tyder ikkje at du hiv deg på alle nymotens tiltak, eller kastar velprøvd tankegods over ripa. Mykje av det vi gjer, byggjer på det forfedrane våre gjorde. Mykje av det vi oppnår, speglar innsatsen til eit større team – dei som står ved di side i dag, og dei som kom før deg. Og du erkjenner at andre skal bera stafettpinnen vidare.

Unge hender finn ein ny fiskeplass der snøret vert senka. I stille sjø vert ein båt av bark skuva frå stranda mot ei ny ferd. Unge nevar tek med glede fatt på ei ny utfordring – som lærling. Vi skyt nye røter ned i fruktbar jord. Greinene spreier seg og vi ser nye frø spire – og dette treng slett ikkje vere der vi er fødde. Likevel veit vi, innerst inne, at vi har funne vegen heim.

*Austrheim er ein kystkommune prega av vekst. Mange har flytta hit, og fleire kjem til. Denne brosjyra gir deg mange gode grunnar til at det er slik.*



- Areal: 56 km<sup>2</sup> derav 9 km<sup>2</sup> fastland og 47 km<sup>2</sup> øyer, holmar og skjær
- Tal øyer, holmar og skjær: 489
- Tal bruer: 15
- Høgaste punkt: Litlås fjellet 109 moh
- Folketal: 2577 pr. 2008
- Eldste kjende busetnad: Området langs Fosnstraumen (6000 f.kr)
- Administrasjonssenter: Sætre



# Heimen og det gode liv i Austrheim

Fleire byggjefelt er klargjorte for dei som vil til Austrheim, og unge som no stiftar eigen familie. Nye hus har fleire rom og gjerne større vindauge. Dei har utsyn og favnar framtida ...

Nokre hus og hytter glir enno inn i landskapet, utan trong til å hevde seg for nabo eller forbi-passerende. Dei rører varsamt ved naturen og årstidene. Hageflekk vert no viktigare enn karnapp. Bak tettvakse hekkar er blodbøken eller japanlønnen det nye tuntreet.

I Austrheim er det gode vilkår for å prioritere tid og overskot til familietur, til å fikse junior sin sykkel, sjå kampen til dottera torsdag ettermiddag.

Tid til eit måltid med vener, å løfte eit glas i solnedgongen – til ange av fiskefangst som godgjer seg på grillen.

På ei hylle eller eit bord ligg skjel frå i sommar, og drivved du fann etter ein haust-storm. På veggen er det alltid plass til nye barneteikningar.

Ein god heim har alltid tid. Tid til ord, tid til samtale og smil. Det vert nye historier av slikt. Kanskje ikkje alltid så dramatiske, men vellagra som god klippfisk, mjød eller løvetannvin.

Tid til stille, høyra vinden rasle i lauvet, stryka det gylne graset. Tid til å sjå utover havet og nytta tid til å tenkje, sjå at ljosa på den andre sida av fjorden vert sløkte litt før dine egne...



## FAKTA

### FRITID:

- Symjehall på Kaland barne- og ungdomsskule
- Austrheimhallen på Årås
- Austrheim gras, fotballbane ved Austrheim samfunnshus på Årås
- Plastisbane ved Austrheimhallen
- Fotballbane, grus, ved Kaland barne- og ungdomsskule



## Der ildsjeler vert omfamna

Fargeprakta hos ElleMelle barneklær har si historie, og ho fortel mykje om begeistring og ope sinn i Austrheim, og kundar som set pris på kvalitet.

Både Ingrid og Elisabeth er tilflyttarar, den eine frå Bryne og den andre frå Haugesund. Begge fann seg ektemenn frå Toftegård.

– Ingrid er ei eldsjel. Det vart lange samtaler i påskeferien på Geilo det året. Eg tente på ideen og sa opp jobben. I oktober 2005 opna vi ElleMelle på Mastrevik torg, seier Elisabeth.

### Sportshall og turstigar

– Eldsjeler som flytter til Austrheim kan få til mykje, til dømes Kine frå Alversund som starta Barnas turlag. Det er ei undergruppe i Turistforeininga. No vert det arrangert faste turar ein søndag i månaden – og opptil 70 barn og vaksne har vore med på tur.

Sjølv har eg to døtre. Det er godt og trygt å ha alt så nær. Årås skule er like ved

der vi bur, og Austrheimhallen ligg rett ved sida av. Hallen feira forresten jubileum i september. Den store hallen kan delast i tre, for å gi plass til fleire aktivitetar samstundes. Når det er godvêr, driv ungdommen ballspel på ei av fotballbanene. Foreldre i Austrheim er engasjerte. Alle har fokus på at borna skal ha eit godt oppvekstmiljø. Derfor stiller vi opp til fellesinnsats. Det er opp til fellesinnsats. Det er på denne måten vi har kunna utvide det gode nettverket av turstiar.

### Fritid og fest i skjergarden

I frihelgene er vi ofte på sjøen. Då vi flytta hit, overtok vi og restaurerte eit gammalt småbruk som ikkje var i drift. Bryggja og naustet er rett over bakketoppen.

Den perfekte helga?

Det må vel vere denne helga, det, seier Elisabeth med latter i stemma.

– Det er Utkantfestival og høg stemning i Skjærjehamn, der kongestatuen står.

Vi dreg med båt og treff gamle og nye venner.

Eg hugsar ikkje kven som spelar i kveld, men bra blir det.



### FAKTA

#### BUSTADOMRÅDE:

- Åråsmarka (Årås / Åråsvågen)
- Heiane (Austrheim)
- Vardeflaten (Kaland / Fønnes)
- Fønnesstraumen (Fønnes)
- Breidvik (Sætre)
- Fleire mindre bustadområde rundt om i kommunen
- Meir info Servicekontoret, tlf 56162000



# Refleksjonar frå ein lærar

Det har skjedd store endringar innanfor skuleverket, for det meste forbetringar.

-Ein har knapt sett teikn på ungdomsproblem her i Austrheim. Det skuldast truleg ein velfungerande skule, gode fritidstilbod og gode utsikter til både sommarjobb og fastjobb.

– Folk i dag er meir mobile enn før. Mitt inntrykk er at tilflyttarar raskt blir integrerte i lokalsamfunnet. I klasserommet høyrer eg ein fin variasjon av språkleg musikk: ulike vestlandsdialektar, nordlandsk, sørlandsk, østnorsk og trøndersk, seier Arne Lerøy.

– Eg har arbeidd på både Kaland barne- og ungdomsskule, på Rongevær og Årås. Det er bra for kommunen å ha eigen vidaregåande skule, fordi ungdommen blir verande her i minst tre år til. Det styrkar gode band. Og elevar kjem hit frå Fedje, Byrknes og Gulen.

Det vert ikkje få ekteskap av slikt, humrar han. – Fraflyttinga frå Austrheim er ei saga blott. Mange av dei som lyt prøve, kjem tilbake i godt vaksen alder.

## Den nye optimismen

– Det skjedde store forandringar her på slutten av 1960-åra. Då Mongstad-raffineriet og nye bruer kom i 1970-åra, auka folketallet, og det grodde fram ein ny optimisme. Han dyrkar vi framleis, og det gjer Austrheim til ein flott stad å arbeide og ein god plass å bu.

Læraren frå Lerøy ser utover sjøen og gjer seg sine refleksjonar. Han er fødd på den

same staden som etternamnet, og oppvaksen på garden der. Før i tida var det mest om sommaren byfolket kom for å feriere.

No vert familiane freista til å komme til Austrheim ved kvart høve dei har fri, takka vere bruer og gode vegar. Med den vakre naturen vi har her, skjønar han dei godt.

– Eg er spent på korleis Lerøy kjem til å sjå ut om ti år. Strandlinja må vere felleseige, og kommunen har vore flinke til å setje foten ned, til dømes ved å krevje gjennomtenkte naustmiljø i staden for frittstående naust.

Fiskaren har Arne Lerøy framleis i seg, for han er ute i båten rett som det er.

– Eg lagar eigen klippfisk og byrjar no å få eit skikkeleg lager til vinteren. Det går mest i pale. Eg flekkjer og saltar pale eit par-tre dagar før han vert hengt til tørk. Klippfisk med kvit saus er ein fortrefteleg rett!

Torsken og lyren et vi til middag nesten straks eg har dei på kroken.

*Austrheim vidaregåande skule byr på fleire aktuelle fagretningar. Blant desse er Elektrofag, Bygg- og anleggsgfag, Teknisk- og industriell produksjon, Helse- og sosialfag, og Restaurant- og matfag.*



## FAKTA

### Skular:

- Årås skule
- Kaland barne- og ungdomsskule
- Austrheim kulturskule
- Austrheim vidaregåande skule

### Barnehagar:

- Årås barnehage
- Kaland barnehage

### Helsetenester:

- Austrheim legekontor
- Nordhordland legevakt, Knarvik
- Offentleg tannlege ved Austrheim kommunesenter
- Privat tannlege i Mongstadkrysset.
- Apotek på Mastrevik Torg



# Grip utfordringane saman med oss!

Det er noko i oss som er større og sterkare enn overlevingsinstinktet – og det er viljen til å vekse. Du ser det hos barnet som lyftar seg opp og tar sine første steg, sveiselærlingen som meistrar ein ny dugleik, løvetann som skyt opp gjennom asfalten.



## FAKTA

### Turstiar:

- I Vardetangenområdet
- I området mellom Åråsmarka og Øksnes / Rebnor
- I Lerøy
- Langs Åråsvågen og til Arekletten og Seteneset
- I Hoplandsmarkene, forbi Hoplandskvernene og langs Hoplandsosen og Fosnstraumen (Steinalderstien)
- Sjå elles *Turbok for Austrheim* som kan kjøpast på servicekontoret i kommunehuset

### Fiske:

- Sportsfiske i Fosnstraumen
- Stangfiske frå kaier og svaberg rundt om i kommunen

### Badeplassar:

- Årevikane ved Vardetangen
- Øksneset friområde
- Sauesanden i Rongevær

Austrheim byr på levekår og fellesskap som støttar dette. Kvar av oss tek mange personlege val – om kvar vi skal arbeide, kvar vi skal skape ein heim. I vår kommune får du ei god kjensle når du vel barnehage og skule til barna.

Men kvardagen inneheld også andre val, store og små: Å finne ein god stad å fortøye båten, nye stiar der du kan gå helgetur, fotballaget du vil vere ein del av for å få fart på adrenalinet i fritida. I Austrheim ser det ut til å vera enklare å få auge på dei rette vala. Ting vert meir tydelege. Er ikkje nettopp dette det viktigaste spørsmålet? Korleis vil vi nytta tida som kvar og ein får på denne kloden? Kva vil vi gje, kva vil vi ta imot, korleis vel vi å vere der for andre?

Kvart samfunn har sine utfordringar; slik òg hos oss. For å vurdere byggeplanar og byggeynske, til dømes, samlar vi gjerne formannskap og administrasjon i same båt – det er

fort gjort. Det meste av Austrheim er synleg frå sjøsida, og på nokre timar har politikarane og administrasjonen fått oversyn over dei aktuelle utbyggingsområda.

I eit godt og lite samfunn som Austrheim er fellesskapet ein avgjerande styrke. Det er eit sunt utålmod, mindre rundtomsnakk og færre årsaker for å vente. Innsatsen vert meir synleg, behovet for nettopp deg og det du kan bidra med, meir påtrengjande.

I havet utanfor Mongstad, rett nok under horisonten, hentar plattformene og subsea-konstruksjonar opp enorme mengder gass og olje, som vert førte i røyr til Mongstad. Her gjev den djupe Fensfjorden gode kår for trafikk av tank- og gasskip. Austrheim haustar sin rettmessige del av det økonomiske eventyret. I mange tiår framover vil vi ha industrielle utfordringar som skal løysast.

Og dette er berre nokre av dei spanande utfordringane som krev lagarbeid.



# Næring og vekst

Mongstad er i dag det raskast veksande industriområdet i landet. Nye oppgåver og investeringar står for tur. Ringverknadene er enorme – i Austrheim er det gyldne muligheter for dei som vil ha ein spennande jobb. Og likeins for dei som har idéar til ny, eiga verksemd.

Rundt raffineriet til StatoilHydro på Mongstad, veks det stadig opp ny næring. For 35 år sidan kom ivrige industriskaparar, ingeniørar, idémakarar og anleggsarbeidarar frå både nær og fjern. Saman bygde dei Mongstad på nokre intense år.

Også i dag krev dei store byggjeprojekta og utvinning og raffinering av olje og gass eksepsjonelt dyktige fagfolk. Det er handverk å handtere ei gravemaskin eller ein løftekrane med presisjon, å sveise saman røyr slik at skøyten varer i tiår, å lage komponentar som skal liggje på havbotnen i ein subsea-installasjon som er nesten vedlikehaldsfri.

Lenge før vår tid har handverk- arane forma Austrheim. På veg til jobb ser du velhaldne gamle hus med steinvegg mot den våte sønnavinden. Dei lange steingardane som deler inn landskapet, tyder òg på erfarne hender.

## Med verdifull last

Supertankarane ventar i kø, ikkje langt unna der fakkelen brenn. Gass vert komprimert og for-

vandla til flytande last om bord i spesialfartøy. Skipa seglar med brensel til hamner over dei sju hav. Fartøy som fer langs kysten, speglar gamal tradisjon. Før vart fisk og grønsaker segla eller rodd til torget i byen for sal. Etter kvart har båtane blitt større, lasta tyngre og frakta lenger; båtbyggjarar vart skipseigarar og reiarar.

## Aktivitetar for fastbuande og gjester

Mongstad er meir enn industri. Her er over tusen senger. – Den nye bustad- leiren erdenflottasteisittslagiNoreg, og ser mest ut som eit burettslag inne i skogen, seier "hotelldirektør" Lena Århus. – Vi har ein fruktbar dialog med Austrheim kommune om aktivitetar for våre bebuarar. Havfiske, kajakkurar, svingkurs, turar i nærmiljøet, oppleving av lokal mattradisjon ... Menyen veks og våre folk er ivrige, fortel Lena Århus.

Austrheim er eit kyst-og øyrike som er velsigna med vakker natur, ein flott og skjerma skjergard. Det er ikkje rart at hytter i området er svært ettertrakta. Her er rik monn med muligheter for dei som vil tilby tilrettelagde opplev-

ingar for fastbuande og dei mange besøkjande.

## Ny vekst

Det er inga hemmelegheit at Austrheim har høg snittinntekt. Familielivet står sterkt, fritida er viktig, og folk vil ha det gode liv.

Føresetnadene for vekst og ny næring er dei aller beste – i svært mange bransjar. Gründerane finn gode vilkår. Mongstad Nærings- hage og Mongstad Vekst står parate til å gi ei hjelpande hand. Og det er godt å vite at Austrheim har ein administrasjon som spelar på lag og forstår å leggje til rette for verdiskapning.



## FAKTA

### Butikkar:

- Fonnes Senter på Vardeflaten
- Mastrevik Torg
- Austrheim Handel

### Restaurant/overnatting:

- Kjelstraumen Brygge på Ulvøyna
- Rongevær Brygge
- Heidi's Kro i Fonnes senter



# Den industrielle vedlikeholdspartnaren

West Piping har stadig vekk behov for fleire optimistar med godt humør – folk som forstår at ein skapar sin eigen arbeidsplass. Kunnskap og dugleik er sjølvsegte føresetnader, men hjartet må òg vere med.

Enok Haugen er klar i talen. Han har styrt West Piping sidan 1995. Som firmanamnet tyder er dei spesialistar på røyr, men firmaet er mykje meir enn det. Arbeidet spenner frå sveis, mekanisk og vedlikehald på Mongstad, til montering på skip og offshoreriggjar. Det var dei som installerte fyllestasjonane til gassbussen i Bergen.

– Det har gått veldig bra. Det vert heile tida ei omstilling til nye utfordringar. Vi har eit godt lag, ein positiv og stabil arbeidsstokk. I dag tel den fleirnasjonale staben rundt 100 fagfolk.

## Vedlikehald på Mongstad

Det er West Piping som står for mekanisk vedlikehaldsarbeid på Statoil-Hydro sitt raffineri på Mongstad, noko som krev store ressursar og god koordinering.

– Den kontrakten vann vi i hard konkurranse med andre aktørar. Andre industrikundar har òg engasjert oss til å utføre mekanisk vedlikehald.

Med eigen ekspertise og dyktige samarbeidspartnarar innan mellom anna engineering, betongarbeid, stillas og andre fagområde, tar West Piping gjerne totalentreprise for komplekse fleirfaglege prosjekt.

For å drive eit industriselskap må du handtere svingningar i marknaden. Det gjeld å vere ein handlekraftig optimist, samstundes som du held bakkekanten. Gløymer du det, oppnår du berre at bølgetoppene blir høgare og bølgedalane djupare. Vi er like opptekne av å gi trygge kår til arbeidarane våre som å sikre framtida til selskapet. Det er to sider av same sak.

Fagleg sett må vi vere på topp. Vi har kravstore kundar som krev spisskompetanse, og vi konkurrerer med dei beste. Kulturen i selskapet er heilt avgjerande for resultatane vi oppnår. Våre kjenneteikn er stå-på-vilje og godt lagarbeid. West Piping sitt fagpersonell har dei nødvendige sertifikatane for næringa og bedrifta er godkjent som leverandør i Achilles og Sellicha.

## Framtida er ung

Ungdomen er den største ressursen, ikkje berre for samfunnet, men òg for West Piping. Kvart år tek vi inn ei rekkje lærlingar innan røyr, mekanisk og sveis. Nesten alle vert verande i selskapet.

– I dag arbeider vi mykje meir langsiktig enn før. Med kontraktar som går over fleire år, har vi sikra oss stabilitet og muligheit til systematisk ekspansjon seier Enok Haugen.



**WEST PIPING AS**  
LITLÅS INDUSTRIOMRÅDE  
5954 MONGSTAD  
TLF. 56 16 72 20  
FAKS. 56 16 72 27  
JONE@WESTPIPING.NO  
WWW.WESTPIPING.NO





ANNONSE



**KJELSTRAUMEN BRYGGE AS**  
TLF. 56 16 89 40  
FAKS 56 16 89 41  
MOBILTLF. 90121624  
POST@KJELSTRAUMEN.NO  
WWW.KJELSTRAUMEN.NO

## Kjelstraumen Brygge – gjestmilde med tradisjon

Kjelstraumen Brygge byr på god mat og innlosjering med praktutsyn. Det har vertshuset faktisk gjort sidan 1610 – og etter eit besøk forstår du kvifor det stadig er like populært.

Mange gjestar trivst så godt at dei gjerne forlengar opphaldet. I dag er det åtte hytter og 16 rorbuer ved «straumen», og dei har alle dei fasilitetane du treng. Rorbuene har tre etasjar, og du kan faktisk stå på terrassen og fiske. Gjestehamna har god plass og gode fasilitetar. Så ta med deg venner og familie når du vil ha pause frå fiske og båttur. Her er òg batar til utleige. Restauranten i Kjelstraumen er flittig vitja, både av tilreisande og dei som bur her. Det er òg godt å kunne ta frukosten her, med kaffikopp og panorama utsikt mot sjøen. I godvêr freistar det med uteservering. Om kvelden er puben staden for den gode samtalen. Velkomen!

## Bygg bustadtraumen din ved Fønnesstraumen

Dei som vel å byggje ny bustad ved Fønnesstraumen, kan glede seg over utsyn som spenner frå Fensfjorden i nord til Masfjorden og Lindås i øst og sørøst. Tomtane er tilrettelagt og inndelt slik at flest mogeleg skal få sjøutsyn og gode soltilhøve.

Feltet har 36 tomtar til einebustader, og to område for tettare busetnad. Bustadfeltet ligg sentralt til – det er berre 2,5 km til butikk, skule, barnehage og varierte fritidstilbod. Industriområdet Mongstad er like ved, det same er snøggbåtkai med dagleg rute til Bergen, Sogn og Nordfjord. Ein ny gangveg fører trygt fram til skule og butikk. Strandsona er eit friområde med gode fiskeplassar. Det er òg fire fiskevatn med aure.

Fønnesstraumen ligg ved fleire fine turområde. Ein av stiane fører fram til Vardetangen – det vestlegaste punktet på Noregs fastland. Det vert arbeidd med tilrettelegging av båtplass i nærområdet.

Kupert terreng med lyngdekte bergknattar, kystfuru, gran, lerk og bjørk gjev eit svært godt utgangspunkt for dei som ynskjer å lage ein spennande hage. Her er òg godt med plass – tomtane har storleik frå 1,3–2 mål. Alle er tilrettelagde med veg, vatn og kloakk fram til tomtengrensa.

– Ta deg ein tur og sjå sjølv. Set deg ned med ein arkitekt og fest draumen til papir. Her kan du byggje grunnmuren til det gode liv, oppfordrar Kjell Isaksen, utbyggjaren av feltet.



ANNONSE

### FONNESSTRAUMEN TOMTESELSKAP

KJELL ISAKSEN (DAGLEGLIAR)  
56 16 70 30 / 92 28 48 90

ARNT LUNDAL  
56 16 71 86 / 41 47 77 01  
STYRELEDER@FONNESSTRAUMEN.NO  
WWW.FONNESSTRAUMEN.NO





Mastrevik Torg

## - meir enn eit handlesenter ...

Mastrevik Torg er meir enn eit handlesenter – det er ein stad der tradisjonane etter den gode landhandelen lever i beste velgåande. Og dette trivelege senteret er akkurat passe stort ...

Det er nemleg ei eige ro over Mastrevik Torg. Du ser at folk ikkje hastar vidare.

Midt i senteret, under glastak og godt skjerma mot vær og vind, står solide benkar og trebord, omgitt av grønne plantar. Det er berre å slå seg ned, ta ein pust i bakken eller slå av ein prat med kjende.

### Praktisk

#### – for vaksne og barn

Med gangveg og trygt fortau heilt fram, er det greitt å sende barn og unge hit med handlelista. Vil du handle sjølv, er det godt å vite at her er leikeapparat til dei minste.

Handlesenteret ligg omtrent midt i Austrheim kommune. Mastrevik Torg er knutepunkt for bussane – og det betyr godt med avgangar til det meste av regionen. For mange

folk i nabokommunane er Mastrevik Torg eit godt og nært alternativ til Knarvik og Bergen.

### Mastrevik Torg

#### - ein triveleg stad for store og små

- Daglegvare/post i butikk
- Apotek • Klede • Gull • Gåver
- Glas • Brunevarer • Kvitevarer
- Småelektrisk • Belysning • Barneklede • Gardiner • Utstyrvarer
- Bokhandel • Kontorrekvisita • Leikar
- Hobby • Blomster-butikk • Bank/Minibank • Jernvare • Verktøy
- Husholdning • Båt-og fiskeutstyr
- Fargevarer • Kosmetikk
- Garn/tekstiler • Politi • Bensinstasjon
- Bilverkstad

Det er god grunn til at Mastrevik Torg vert kalla den naturlege «møteplassen i nord». God service får du kjøpt. Likevel kan du senke skuldrene dine. Folk tek seg tid til å møte blikket ditt, veksle ord og dele små og store nyhende.



**MASTREVIK TORG**  
5943 AUSTRHEIM  
SENTERKONTOR: TLF. 47 67 95 83





## Veksthuset på Mongstad

Næringslivet i regionen har mange behov. Vår oppgave er å gi gründerar ei hjelpande hand, bidra til at forretningsidéen deira får spire og vekse til ei levedyktig bedrift. Få òg med deg at vi er opptekne av å dyrka fram mangfaldet.

Solveig Lerøy brenn for Mongstad Næringshage.

– Det som pregar aktørane her, er vilje til å stå på, og evne til å forankre kreativitet i sunn fornuft. Gründerar får god hjelp i vårt distrikt.

Som nyetablerar kan du søkje etablerarstipend, slik at nettopp du kan komme i gang med din idé. Vel så viktig er det at vi har folk frå regionrådet som held etablerarkurs, økonomar som gir velfunderte råd, og konsulentar som er dyktige på salsstrategi. Og ikkje minst har vi plass til deg om du har ein idé og ynskjer å starte for deg sjølv ...

### Ein aktiv møteplass

Mongstad Næringshage er eit «veksthus» i ordets rette forstand. Det gode miljøet er

like viktig som ei handsrekking og råd frå erfarne folk. Kvar dag vert det servert lunsj til ein rimeleg pris. Den går ein nødig glipp av, for det er både gode stunder og kloke ord rundt bordet. Vekselverknader oppstår – og ein kan hausta lærdom av problem-løysinga til andre.

Mongstad Næringshage vert brukt aktivt av fleire bedrifter i regionen, fordi det er ein framifrå møteplass. Her er toppmoderne møterom med multimedieutstyr og muligheit for videokonferansar.

Mongstad Næringshage har kontorplass til leige. I tillegg til etablerarane er rundt ti bedrifter frå ulike bransjar lokaliserte i «veksthuset» ved Mongstadkrysset. Næringshagen har sterke

støttespelarar, mellom anna eigarane Austrheim og Lindås kommune, SIVA og Mongstad Vekst.

Solveig Lerøy er sjølv etablerar og har vore involvert i ei rekke levedyktige selskap, mellom anna to reiselivsbedrifter og ei privat omsorgsbedrift. I 2007 vann denne bedrifta "Ildsjelprisen".



**MONGSTAD NÆRINGSHAGE AS**

LITLÅS INDUSTRIBYGG

5954 MONGSTAD

TLF: 56 34 32 00

FAX: 56 34 32 29

POST@MONGSTAD.AS

WWW.MONGSTAD.AS





StatoilHydro Mongstad

## Vi meistrar utfordringane

Industrien på Mongstad er ein hjørnestein i regionen. Verksemda her er ein viktig del av konsernet StatoilHydrod og bidrar med ei betydeleg verdiskaping for det norske samfunn.

Med Mongstad meiner vi eigentleg fire verksemdar. Her er råoljeterminal, raffineri, fabrikk for petrokjemiske produkt, og eit teknisk kompetansesenter. Samspelet er sterkt og til saman utgjør dei eit av Noregs viktigaste industrisenter. Første fase av raffineriet og råoljeterminalen vart bygd i åra 1972–75, og i mai '75 kom den første olja hit. På slutten av 1980-talet kom ei omfattande utviding, og vi står truleg framfor ein ny ekspansjon i løpet av dei næraste åra. Dei viktigaste produkta er drivstoff, nærare bestemt bensin og diesel til bil, og drivstoff til fly. Vel halve produksjonen vert eksportert, i all hovudsak til andre europeiske land. Kvart år legg rundt 2000 skip til kai på Mongstad. I Europa er det berre Rotterdam som er ei større oljehamn.

### Ein attraktiv stad å jobbe

Visste du at StatoilHydro på Mongstad er den største lærlingebedrifta i landet? – Nett no har vi rundt 70 lærlingar fordelte på to års-kull. Desse arbeider innan mange ulike fagområde: Størst er kjemi og prosess, men vi har òg elektro og automasjon, mekanikar, logistikk- og laboratoriefag. Det er ingen automatikk at ein får jobb, men dei fleste held fram her etter læretida, forklarar informasjonsleiar Kåre Ness.

– Dei faglege utviklingsmulighetene er enorme. I løpet av dei neste ti åra skal det byggjast både testanlegg og stor-skalaanlegg for CO<sub>2</sub>-fangst. Statsministeren vår beskriv dette som sitt «månelandingsprosjekt». Klarer ein å knekke CO<sub>2</sub>-problematikken, vil vi ha løyst ei av dagens store klimautfordringar.

Normalt vil det vere rundt 750 StatoilHydro-tilsette i arbeid på Mongstad. I tillegg kjem eit stort tal entreprenørtilsette og fagfolk som jobbar

for våre underleverandørar. Kvart fjerde eller femte år skjer eit stort vedlikehaldsarbeid, og i løpet av dei periodane er opptil eit par tusen mann i sving, seier Kåre Ness.

### Reint og trygt

Sjølv om raffineriet på Mongstad har vore i drift i meir enn 30 år, har det ikkje skjedd alvorlege ulykker som har forårsaka større forureining av det ytre miljø.

– Det er rett, det. Vårt mål er å vera føre var, og drive førebyggjande arbeid for å hindre at det oppstår uhell på land og sjø. På same måte som styresmaktene stiller høge krav til oss, set vi høge krav til oss sjølve. Same kravet set vi til leverandørar og samarbeidspartnarar. Dei fleste av våre tilsette bur i nærområdet. Det seier seg sjølv at det er i alle si interesse å ta best mogeleg vare på nærområdet, og halde det reint og ryddig, seier Kåre Ness.

### Eit biologisk mangfald

Statistikk er ein ting, eit vel så handfast bevis er det biologiske mangfaldet i industriområdet Mongstad. Det er laga film om hjortestammen som vandrar fritt. Her er også røyskatt, mår og hoggorm. Faktisk er fugle- og dyrelivet så variert at det kjem ei eiga bok om emnet! Kanskje den beste attesten er at frosken trivst og formerar seg her. Han krev svært reint vatn for å leggje egg.



ANNONSE

## StatoilHydro

**STATOILHYDRO MONGSTAD**  
5954 MONGSTAD  
TLF. 56 34 40 00  
WWW.STATOILHYDRO.COM



# Ein landsby for det gode liv – velkommen!

Gjennom årtusen har vi vestlendingar søkt mot sjøen – det gjer vi endå. Vi blir rastlause om det går for lang tid utan at vi får sjå blått hav. I dag har vi behov for å finne att vår naturlege tilknytning til sjøen. Dette er ein av dei berande ideane bak kystlandsbyen.

I Breidvik kan du velje den buforma som passar deg best: Småhus med lun hage, solrikt husvære, einebustad med utsikt mot havet eller sjøhus på kaikanten og båt plass like ved. Odd Arne Blindheim har brukt mykje tid på konseptutvikling, i tett samarbeid med arkitekt Arvid Bjerkestrand og eigedomsinvestor Hans Krossøy.

– Eg har sjølv tråla kysten og vitja kvar einaste uthamn mellom Göteborg og Trondheim, sett på byggjeskikkar og opplevd dei i ulike årstider. Spesielt frå Loshavn, Åkerøya og Skudeneshavn har inntrykka festa seg.


Arkitekten har og funne ein spennande balanse mellom tradisjonsrik kystkultur og tidsriktig uttrykk. Frå dag ein har vi insistert på at elementa skal danne ein heilskap – eit miljø. Ein kystlandsby. For å skape eit godt bustadmiljø må det vere eit vellukka samspel mellom det private initiativet og kommunale strategiar og strukturar. Vi har ein tett og positiv dialog med kommunen. Initiativet til Breidvik kystlandsby kjem faktisk frå ordførar Ole Lysø.

Vi har late oss inspirere av kystkultur og levande kystsamfunn, og det er nett det vi skaper her. Eit levande miljø må bestå av meir enn bustader. Breidvik er ei flott naturhamn, snart med bryggje og naustmiljø.

Rundt torget som vender mot sjøen, blir det plass til butikkar og smånæring, kunsthandverkarar, havsportssenter og bevertning. Like utanfor det som kanskje er den lunaste hamna i Nordhordland, er det ei perlerad av holmar og skjer, gode fiskeplassar og storhavet.

Det er ikkje berre vaksne som lengtar etter sjøen. På byggeplanen vår står ein ny kystbarnehage med plass til 130 barn. Det gode liv handlar om å vere til stades der du er. Om å unne deg og dine næraste noko ekstra i kvardagen – om å skape ein stad for ro og for samhald, men også ein stad for aktivitet og opplevingar ved sjøen.

Breidvik er hus og hytte i eitt.



BREIDVIK EIENDOM AS  
ØVRE KORSKIRKESMUG 2B  
5018 BERGEN

POST@BREIDVIK.COM

TLF. 55 30 48 84  
TLF. 900 90 694



**MONGSTAD VEKST AS**

MONGSTAD SØR  
 MONGSTADBASE, 2.ETG.  
 5954 MONGSTAD  
 TELEFON: 952 58 165  
 WWW.MONGSTADVEKST.NO  
 POST@MONGSTADVEKST.NO  
 KONTAKTPERSON:  
 SVEIN M. NORDVIK

Mongstad Vekst:

## Grip framtida – i dag!

I ei årrekke har Mongstad vore det raskast veksande industri- og næringsområdet i Noreg. Årsaka er enkel: Både bedriftene her og deira 2000 arbeidarar har behov for eit breitt spekter av produkt og tenester.

Mongstad er langt meir enn olje og gass. Dei positive ringverknadene held fram – ein dreg nytte av kvarandre og søker saman for å dekkje lokale, nasjonale og internasjonale behov.

500 nye dekar er under utvikling, og det er god tilgang på overskotsressursar. Infrastrukturen er god. Visste du forresten at Mongstad er den nest største hamna i Europa, etter Rotterdam?

Vi gir deg hjelp til å gripe framtida! Og akkurat det er noko som Mongstad Vekst har god erfaring med.

Kontakt oss, så får du høyre meir.





## An open mind – open landscapes

In the northern part of Hordaland there is a place that invites you to enjoy the best life can bring. Austrheim Municipality is a strong community of shared responsibilities – caring for one another, for our children, for visitors and the future we are shaping together. It's such a great place to live, and to grow up.

When the ice sheet retreated, it uncovered sheltered isles and sounds. Most of the municipality actually consists of islands, while a key part is mainland. People have thrived here for more than 6000 years, ever since the first settlers came to fish the strong tidal currents of Fosnstraumen.

Today you are far more likely to meet an engineer, ship-owner or industrialist than a farmer or fisherman at the local shop.

For generations Austrheim has been a favorite place for a holiday home. Thanks to the excellent road connections, visitors spend every available weekend here, not just the summer. Like the locals, they are fond of boating or kayaking these sheltered waters, angling from the cliffs or quays, or walking the rocky coast and pine forests. Austrheim offers space to grow, space to thrive. You can build your dream home where you can see the wide horizon, watch the seasons come and go.

A new coastal village is taking shape at Breidvik, a short walk from the municipal centre. There are excellent bus and express boat services to Bergen and the region.

Mongstad is far more than an oil and gas refinery, it is the fastest-growing industrial area in Norway. While supertankers wait offshore, birds and frogs thrive and deer roam the woods; Mongstad enjoys an almost perfect 35-year environmental record. A large number of specialty companies are solving new industrial challenges, such as CO<sub>2</sub>-filtering technology. Pioneers and entrepreneurs are valued in Austrheim. Mongstad Næringshage and Mongstad Vekst will do their utmost to help start-ups. Enthusiasts with good ideas are embraced. Thanks to some of them, there is now a children's chapter of the national hiking association, and an expanded network of way marked trails and well-kept paths.

Austrheim has a broad range of well-developed services, both


public and private. Average wages are high, and unemployment is minimal.

There is a strong emphasis on family life and ensuring a high quality of life for future generations.

Austrheims schools have dedicated teachers who foster learning.

The upper secondary school offer tempting fields of study, and companies throughout the region are eager to offer qualified youngsters stimulating apprenticeships. Austrheim is a coastal community that is growing and facing exciting challenges.

Many have moved here to make their contribution, to build the good life for their entire family. More are coming – and there are many reasons for that.



### Austrheim in brief

- Area: 56 km<sup>2</sup>
- 489 islands, islets and reefs
- 15 bridges
- Highest point: 109 m
- Population: 2577

**AUSTRHEIM MUNICIPALITY**  
NO-5943 Austrheim, Norway  
Tel. +47 56 16 20 00  
post@austrheim.kommune.no  
www.austrheim.kommune.no





OKTAN BASICAS • Foto: Karstein Vabø, Egon Askvik, Atle Vaage, Helge Dyrikolbotn • Tekst: Næste kapittel



# Austrheim

- opne landskap, ope sinn



**AUSTRHEIM KOMMUNE**  
5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 20 00  
post@austrheim.kommune.no  
[www.austrheim.kommune.no](http://www.austrheim.kommune.no)

**MONGSTAD** PORTALEN

**NÆRINGSLIVET I AUSTRHEIM**  
[www.mongstadportalen.no](http://www.mongstadportalen.no)

